



## Møtebok Ullenvang fjellstyre

Tidspunkt: Tysdag 1. April 2025, kl. 19:00 – 19:45

Stad: Teams

Desse møtte: Jarle Rasmussen (leiar), Britha Sandal, Anette Torvund, Jon Kråkevik (vara for Jonas Aakre)

Forfall: Per Helge Sekse, Jonas Aakre

Andre til stades på møte: Eirik V. Dørheim (sekretær)

### Saksliste:

**11/25:** Prisjustering Fellesfiskekortet for Hardangervidda Vest

**12/25:** Villreinjakta 2025

Jarle Rasmussen /s/

Britha Sandal /s/

Anette Torvund /s/

Jon Kråkevik /s/

### Kopi til:

Fjellstyremedlemmer  
Vara medlemmer  
Fjellstyra på Hardangervidda as  
Norges Fjellstyresamband  
Fjellstyra kring Hardangervidda

Statskog  
Ullenvang kommune  
Hardanger Folkeblad



## 11/25 Prisjustering fellesfiskekortet for Hardangervidda Vest

### **Saksdokument:**

- 2025.03.31-642.1 Ullenvang fjellstyre- Prisjustering fellesfiskekortet referat fellesmøte 28.03.2025

### **Saksutgreiing:**

Fredag 28.03.2025 vart det gjennomført eit fellesmøte for fjellstyra som er del i Fellesfiskekortet på Hardangervidda vest. Bakgrunnen for møte var å diskutere prisjustering på fellesfiskekortet.

I 2025 vart det vedteke nye prisrammer for jakt og fiske i statsallmenningane, jf «Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning».

Fellesfiskekortet for Hardangervidda vest omfattar fjellstyra Ullenvang, Røldal, Eidfjord og Ulvik. Den administrative behandlinga og fordelinga av fiskekortet ligg hjå sekretær for Ullenvang fjellstyre.

Dette er eit svært populært fiskekort, som årleg gir ekstra inntekter til fjellstyrrene.

Under er tabell som visar salget og fordelinga dei siste åra:

Fjellstyre	År	2022	2023	2024
Eidfjord	kr 107 044,00	kr 96 046,00	kr 72 656,00	
Ullenvang	kr 54 084,00	kr 58 412,00	kr 80 467,00	
Røldal	kr 17 190,00	kr 14 410,00	kr 17 508,00	
Ulvik	kr 9 454,00	kr 13 831,00	kr 15 217,00	
Totalt:	kr 187 772,00	kr 182 699,00	kr 185 848,00	

Fordelinga av utgytte frå fellesfiskekortet blir gjort slik:

- 10 % av totalbeløpet fordelast likt mellom fjellstyra.
- Resten blir fordelt ut i frå fangstrapporet. Altså kvar dei ulike fiskarane har rapportert at dei har fiska.

Det nye prisforslaget ein kom fram til på fellesmøte er følgande:

Vekeskort – 800 kr

Sesongkort – 1600 kr

Dette fiskekortet er ei attraktiv vare som er enkel å selje. Med dette fiskekortet vil ein ha tilgang til store område med mange gode fiskevatn på Vestvidda. Ein opplever også at mange går lengre turar frå eksempelvis Finse til Haukeliseter, og for desse er dette fiskekortet ideelt.

Som beskrive i vedlagt dokument må dei enskilde fjellstyra som er med på fellesfiskekortet vedta nye priser kvar for seg jf §13 i «Forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning».

**Framlegg til vedtak:**

Ullenvang fjellstyre vedtar følgande prisar for fellesfiskekortet for Hardangervidda Vest:

Vekeskort – 800 kr

Sesongkort – 1600 kr

---

**Referat:**

Orientering rundt saksutgreiing ved sekretær.

Innspel frå leiar om at prisforslaget er tilfredsstillande ut i frå det som framkjem i saksutgreiinga.

Spørsmål frå styremedlem om det er forskjell i pris for innanbygdsbuande og utanbygdsbuande på dette kortet. Svar om at det ikkje er det, sidan dette er eit fiskekort som gjeld for fleire statsallmenningar.

Einigkeit i styre om å godkjenne forslaget til prisjustering for fellesfiskekortet for Hardangervidda vest.

**Vedtak (11/25):**

Ullenvang fjellstyre vedtar følgande prisar for fellesfiskekortet for Hardangervidda Vest:

Vekeskort – 800 kr

Sesongkort – 1600 kr

Samrøystes.

12/25: Villreinjakta 2025

**Saksdokument:**

Sjå vedlegg:

- 2025.02.03-612.3-Villreinutvalet-Høring kvoteforslag villreinutvalet 2025
- Informasjon om reinsjakt på Ullenvang statsallmenning

**Saksutgreiing**



Villreinnemnda har per dags dato ikkje fastsett den endelege kvoten for Hardangervidda. Det er likevel venta at nemnda vil ta omsyn til tilrådinga frå Villreinutvalet, som har foreslått ein total kvote på 3000 dyr for jakta i 2025. Denne fordeler seg slik:

- 2500 vaksen bukk
- 250 fritt dyr
- 250 kalv

Det er venta at den endelege kvotefastsettinga frå Villreinnemnda vil kome om ikkje så lenge. Fjellstyret må likevel starte planlegginga av jakttilboden basert på dei føreliggjande signala frå Villreinutvalet, slik at ein kan opne søknadssida på Inatur.

Ein redusert kvote vil medføre færre kort til fjellstyret og i røynda ein nedgang i inntekt for fjellstyret. Vert det opna for eit avgrensa tal kalvekort og fridyløyve, er det i kvoteforslaget oppmoda om å reservere desse for ungdom. Framlegget er å halde prisane som i fjar uavhengig av eventuell endring i kvoten, men talet på kort og tilboden kan endrast ut frå endeleg vedtak.

Sakshandsamar foreslår følgjande pakketilbod for innanbygds jegarar:

- **Pakke 1:** 1 fellingsløyve for vaksen bukk 2,5 år og eldre.
- **Pakke 2:** 2 fellingsløyve for vaksen bukk 2,5 år og eldre, med moglegheit for å i staden få tildelt 1 fritt dyr + 1 kalv

Sakshandsamar foreslår følgjande pakketilbod for utanbygdsjegerar:

- **Pakke 1:** 2 fellingsløyve for vaksen bukk 1,5 år og eldre.

Basert på desse pakkane vil alle innanbygds jegerar ha moglegheit til å søkje på fritt dyr og kalv, samstundes som dei søker på 2 vaksen bukk. Etter at trekninga er gjort, vil ein gå gjennom lista og tildele unge jegerar kortpakka 1 fritt dyr og 1 kalv, etter rekkefølge i trekningslista.

Sakshandsamar foreslår å auke aldersgrensa for unge jegerar frå 16-19 år (som har vore standard tidlegare) til 16 – 20 år. Desse får då første prioritet på kortpakka 1 fritt dyr + 1 kalv, samt halv pris.

Dersom det er pakkar med fritt dyr og kalv til overs, vil dette fordelast innanbygdssøkjerar basert på rekkefølga i trekningslista. Resterande innanbygdssøkjerar vil då bli tildelt 2 vaksne bukkar, dersom dei ikkje har søkt om 1 vaksen bukk.

#### Prisar:

Følgjande prisar har vore nytta tidlegare år det har vore kvote på dei same dyre-kategoriane:

- Vaksen bukk: 1500 kr
- Fritt dyr: 1900 kr
- Kalv: 600 kr



Sakshandsamar foreslår å tilby same prisane som i fjor, med 1500 kr for 1 vaksen bukk og 3000 kr for to vaksne bukkar. Prisen for 1 fritt dyr + 1 kalv vil då også bli 3000 kr, men halv pris (1500 kr) for jegerar 16 – 20 år.

Prisen for utanbygdes jegerar blir 6000 kr for 2 vaksne bukkar, jamfør §16 i forskrift om jakt, felling, fangst og fiske i statsallmenning.

#### Jaktreglar:

Sakshandsamar foreslår å vidareføre jaktreglane, og ordningane for overgangsavtalar som vart nytta under jakta i 2024, med unntak av endringar i datoar, som vist til kvoteforslaget til Villreinutvalet.

Visar til vedlagt informasjonsskriv frå jakta i 2024.

Eventuelt at ein kjem tilbake til dette på neste møte.

---

#### **Framlegg til vedtak:**

Ingen.

---

#### **Referat:**

Orientering rundt saka ved sekretær.

Innspel frå styremedlem om at tildeling til fortrinnsvis unge jegerar, og at ein aukar aldersgruppa for unge jegerar frå 16 – 19 år til 16 – 20 år, vil være gode tiltak. Innspel om å opne for kortoverføring med private vald, av hensyn til målet i forvaltninga om høgast mogleg fellingsprosent.

Innspel frå leiar om at fritt dyr kort og kalve kort ikkje skal kunne «delast» med andre på eventuelle jaktlag. Styret var samde om dette.

Styret støttar framlagt prisforslag.

Innspel frå styremedlem, med forslag om klausul angåande tildelinga av eventuelle frie dyr kort og kalve kort, etter at ungdomsjegerar har fått tildelt sine. Forslaget var at eventuelle kort til overs skal tilbydast dei som er nærmast 20 år i alder. Innspel om å også eventuelt tilby desse til fyrstegongs jegerar

Innspel frå styremedlem om at forslaget til prisar og ordningar rundt pakkeløysningane og tildelingar høyrest bra ut. Forslag om å komme tilbake til øvrige ordningar for jakta og jaktreglar på neste fjellstyremøte.

Innspel frå styremedlem om å dele informasjon om opninga for søknadar på reinsjakta bør delast på Facebook og på heimesida til fjellstyre, samt annonserast i Hardanger Folkeblad.

#### **Vedtak (12/25)**

Fjellstyre vedtek prisar for villreinjakta i tråd med saksutgreiinga. Dette vil seie:

Prisar og pakkar for innanbygdsjegerar:

1 vaksen bukk 2,5 år og eldre: 1500 kr

2 vaksen bukk 2,5 år og eldre: 3000 kr



1 fritt dyr + 1 kalv: 3000 kr

Jegerar i alderen 16 – 20 år betalar halv pris.

Kortpakkar og prisar for utanbygdsjegerar:

2 vaksen bukk 2,5 år og eldre: 6000 kr

Vidare vedtek fjellstyre følgande ordningar:

- Dersom det er fleire kortpakkar av typen «1 frit dyr + 1 kalv» enn "unge" jegerar så prioriterast fyrstegongs jegerar, og videre frå 20 år og oppover.
- Desse korta kan IKKJE nyttas på jaktlagsavtale.

Fjellstyre vedtek å komme tilbake til øvrige ordningar for jakta, som fredningssoner, samjaktavtalar og jaktreglar på neste fjellstyremøte.

Samrøystes.